



Hardanger
Ungdomsråd

... med øye for framtid!



bygd av Vossingar

Møtebok Hardanger og Voss Ungdomsråd 17.01.2024. Digitalt

Tilstades:

Eidfjord kommune	Ungdomsrådsleiar Are Dalseide
Eidfjord kommune	Ungdomsrådsnestleiar Martinus Næss Solheim
Kvam herad	Ungdomsrådsnestleiar Vegard Eide Aase
Ulvik herad	Ungdomsrådsleiar Sophia Basilio
Ulvik herad	Ungdomsrådsnestleiar Johanne Hjeltnes
Voss herad	Ungdomsrådsnestleiar Emil Velken Soldal
Ullensvang kommune	Ungdomsrådsleiar Isak Al Bayati
Ullensvang kommune	Ungdomsrådsnestleiar Ylva Svåsand Førde

Kontaktpersonar:

Eidfjord kommune:	Rådsordførar/Ordførar Timo Knoch (fyrst 10 minutt)
Ullensvang kommune:	Linn Merete Østerbø
Kvam herad:	Kari Weltzien Vik
Ulvik herad:	Tor Schei Hellesnes
Voss herad:	Eivind Lorentzen Djønne
Hardangerrådet iks:	Trude Lægreid Rinaldo

Ikkje på møtet

Kvam herad	Ungdomsrådsleiar Ida Djupevåg
Voss herad	Ungdomsrådsleiar Sara Michelle Clarke

Inspirasjon:

Rådsordførar Hardangerrådet og ordførar i Eidfjord kommune Timo Knoch var med for å fortelja om Hardingtinget 2024. Regionalt samarbeid er viktig. Grunnlaget for samarbeid er **Tillit og Rausheit** - det er tema for Hardingtinget i 2024. Det vert innlegg og workshops i grupper. Hardingtinget er samansett av dei 4 formannskapa i Hardanger- kommunane, og utgjer totalt 32 personar (ulikt antal i dei ulike kommunane).

Hardanger og Voss ungdomsråd vart også invitert til møtet. Alle får innkalling når den er klar.

Dette er hovudoverskriftene denne dagen. Flott om de førebu dykk.

- *Kvífor er dei myke verdiane viktige og korleis skapa tillit og rausheit i fellesskap?*
- *Kva er felles utfordringsbilete for regionen og korleis kan me løysa dette betre i lag enn me kan kvar oss?*

SAKLISTE:

HU-sak 01/24 Kva er ambisjonen til Hardanger og Voss ungdomsråd?

Nokre spørsmål og oppgåver de er fint om de ser på før møtet:

Kan de reflektera litt over kva Hardanger og Voss ungdomsråd kan gjera for born og unge i regionen vår.

1. Kan alle førebu nokre setningar om kva som er bra med din kommune/herad og kva du gjerne vil gjera noko med.

SVAR: I Ulvik er dei svært fornøgde med å fått "Pumptrack" og at ungdomen har vorte høyrd.

2. Er det noko frå dykkar oppvekst som var veldig bra/ kunne vore betre?

SVAR: Eit eks er skulesamanslåing, som var litt trist til å begynne med, men skulekvardagen vart mykje betre på ein større skule

3. Kven har inspirert deg og du gjerne vil invitera til rådsmøtet for også å inspirera andre?

SVAR: Kunne me invitert f.eks Lise May Sæle - veldig inspirerande ung politikar frå Vestland.

4. Hvis du kunne bestemma noko i kommunestyret for kommunen din - kva ville du bestemt då? Hvis eg fekk bestemma:

SVAR:

- Tryggare skuleveg for dei unge. Dvs gjennomføra alle rastiltaka som er nødvendig.
- Bygga heilt ny skule,(den me har er skikkeleg gammal) som også er delt i to barne- og ungdomsskule kvar for seg.
- Eg er eigentleg veldig fornøgd! Men skulle eg ønska noko, så er det ferdigstilling av det nye treningsrommet i bygda vår.
- Generelt gjennomføra alle planlagde saker i kommunen. Noko vert hengande altfor lenge.

HU-sak 02/24 Hardanger og Voss Opplæringskonferanse 2024

Vedtak:

Ny dato er 15. april 2024.

Me ønskjer at kommunane også sender unge politikarar til dette møtet, både til inspirasjon og å ta del i gruppearbeidet. Me vil fortsatt invitera alle ordførarane.

OPPGÄVER til neste Hardanger og Voss ungdomsrådsmøte 08.02.2024 i Kvam:

1. Ber dykk alle laga spørsmål som skal diskuterast på kvar gruppe, 5 bord.
Dette deler me på neste møte, og vert einige om endeleg oppgåver på kvart bord.
2. Ber dykk finna og invitera politikarar frå dykkar kommune/herad.

For meir informasjon sjå møteboka 07.12.2023

HU-sak 03/24 Møteplan Hardanger og Voss Ungdomsråd 2024

Vedtak: Møteplanen er vedteken med dei endringane som er gjort i møtet

Møteplan Hardanger og Voss ungdomsråd 2024

Hardanger og Voss Ungdomsråd 2024	Januar Onsdag 17. Digital	Februar Torsdag 8. Kvam 1600-1900	Mars Mandag 18. Voss	April Mandag 15. Ullensvang	M A I	Juni Mandag 25. Eidfjord	J U L I A U G S E P T	Oktober Torsdag 31. Ulvik	November Torsdag 14. Kvam	Desember Mandag 16. Ullensvang
--	------------------------------------	--	-------------------------------	--------------------------------------	----------------------	-----------------------------------	---	------------------------------------	------------------------------------	---

HU-sak 04/24 Motorsport for ungdom i Hardanger og Voss

Saka er utsett til neste møte

Ullensvang

Skal ha fyrste rådsmøte 25.01.24, kjem attende neste gong.

Ulvik

Rådet er inspirert av Eidfjord ungdomsråd, sjølv om dei også hadde prata om fri tilgang før. Ungdomane har planta forbedringspotensialet gjennom uttale til budsjettforhandlingane, og føl nøye med på om kva moglegheiter dei får til nye lokaler og/eller driftsform.

Eidfjord

Har ikkje hatt møte siden sist. Men dei fått fri tilgang til ungdomklubben gjennom nøkkel id, og så langt fungerar det veldig bra.

Dei har ellers fått godkjent støtte til felles tur til Myrkdalen med overnatting, to dagar ski og pizzabuffet. Eigenandelen er kun bussbillett og 200 kr. Dette er 2.året, og veldig kjekt!

Voss

Har ikkje hatt møte, så kjem attende på neste møte.

Kvam

Gjennomført valg av leiar og nestleiar på sist møte. Ida Djuprevåg er leiar og Vegard Eide Aase nestleiar.

Dei skal ha eit arrangement med Redd Barna i mars, og har laga ei arbeidsgruppe i rådet for dette. Det er også kvar sine arbeidsgrupper for oppfølging av Motorsport og uteområde rundt ungdomsbasen i Kvam.

Leiar Ida Djuprevåg skal også til Trondheim og halda innlegg på vegne av Kvam herad og Kvam ungdomsråd, på KS sitt toppmøte.

På neste møte vert det konstituering. Tenk igjennom om du ønskjer å vera leiar og/eller nestleiar.

Kinsarvik 17.01.2024

Trude Lægreid Rinaldo

Sekretær Hardanger og Voss Ungdomsråd